



Referat frå SU Undheim skule 26.01.2026 klokka 14.00

Møtt: Nils Martin Sikveland(politiker), Øyvind Søyland(forelder), Aud Jane Egge(tilsett), Sigrid Haugstad Undheim(elev), Samuel Nordbrønd(elev), Gerd Rusdal(rektor)

Fråfall: Arnfrid Bjelland(føresett), Aina Idland(tilsett)

Sak 4 25-26 Høyring planleggingsdagar skuleåra 26/27 og 27/28.

Undheim SU gjekk inn for alternativ 1 begge skuleåra. SFO har 4 plandager saman med skule, som skal fordelast på eit skuleår. Ein vil helst ha to av desse plandagane i starten av skuleåret.

Sak 5 25-26 Elevundersøkinga

Synkende tendens på trivsel på 7. trinn frå dei gjekk i 5.klasse. Mange elevar tykkjer det er ein del vanskelege spørsmål i undersøkinga. Motivasjon er og låg på 7.trinn. Kan skuldast mykje uro på trinnet. Ein ser noko av same tendens på 6.trinn.

5.trinn skårar bra på alle indikatorane. Dei er både motiverte og trivs på skulen.

Me jobbar med å få ned uro i timane for å få opp motivasjon for læring. Bra at det setjast grenser for å vere på skjerm heime og på skulen.

Sak 6 25-26 Økonomi

Skulen sin økonomi for 2025 gjekk i balanse. I økonomiplan for Time kommune er det sett av 600000,- til oppgraderingar på Undheim skule. Ein har også fått innvilga 90000,- til mindre ombyggingar/inventar. Me fekk fleire midlar til innkjøp av meir fysiske bøker. US har fått ein liten auke på budsjett for neste år.

Referent Gerd Rusdal